

K2 Taksering AS
Heiane 2B
5131 NYBORG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/9580 - 20/38479

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:
26.06.2020

Tilbakemelding på førespurnad om slutføring av etablert tiltak- gbnr 132/23 Soltveit nordre

Tiltak	Slutføring av tiltak – gbnr 132/23
Tiltakshavar	Per Ovald Thomassen
Ansvarleg søkjar	K2 Taksering AS

Alver kommune viser til førespurnad om førehandskonferanse mottatt 12.05.2020.

Vi sendte ut innkalling til førehandskonferanse fredag 26. juni kl 12.00, men forstår at det ikkje var mogleg å gjennomføra den på grunn ferieavvikling. Tilbakemelding vert gitt i brevs form. Dersom de har spørsmål til denne, eller likevel ønskjer eit møte i saka ber vi om at de tar kontakt. På grunn av kommunen si ferieavvikling vil det ikkje vera mogleg å halda møte i saka før i august.

Saka gjeld

Det er i førespurnaden gjort greie for følgjande:

«Saken gjelder riving og gjenoppføring av fritidsbolig etter brann.

Vårt firma har på vegne av Frende Forsikring fått i oppgave å slutføre saken, etter at ansvarlig søker nylig gikk bort.

Hytten er pr i dag ferdig gjenoppført, og klar for overlevering.

Vi ønsker en gjennomgang av saken, for å få avdekket hva som mangler for at vi skal få ferdigattest, og få saken avsluttet.»

Historikk

Det vart søkt om rammeløyve for riving av brannskadd fritidsbustad, oppføring av ny fritidsbustad og etablering av mellombels tilkomstveg i søknad journalført mottatt 06.07.2017 i sak 17/2150. Søknaden omfatta også søknad om igangsetjingsløyve for etablering av mellombels veg og riving av fritidsbustaden.

Det vart gitt løyve til etablering av mellombels anleggsveg i vedtak datert 04.02.2018. Løyvet vart gitt for 2 år rekna frå vedtaksdato og det vart sett krav om at det vart send inn stadfesting til kommunen med biletdokumentasjon som viser at vegen er tilbakeført.

Det vart gitt løyve til riving av nedbrent fritidsbustad i vedtak datert 15.02.2018. Det vart sett krav om at sluttrapport for avfall skal leverast inn før det vart gitt ferdigattest.

Det vart gitt dispensasjon og rammeløyve for oppføring av ny fritidsbustad i vedtak datert 23.03.2018. Rammeløyvet vart gitt på vilkår av at det låg føre utsleppsløyve etter forureiningslova og løyve til å etablera avløpsanlegget etter plan- og bygningslova, samt at drikkevassforsyninga var tilstrekkeleg dokumentert, før det vart gitt igangsetjingsløyve. Det er ikkje gitt igangsetjingsløyve for fritidsbustaden.

Kommunen har mottatt monteringskort som viser at det er etablert eit minireinseanlegg av typen Biovac FD 5N GRP den 12.03.2020, jf. sak 20/7166. Vi kan ikkje sjå at det ligg føre utsleppsløyve.

Slutføring av byggesaka

Det må søkjast om utsleppsløyve etter forureiningslova og løyve til å etablera avløpsanlegget etter plan- og bygningslova. Søknad om løyve etter pbl kan skje ved søknad om endring av gitt rammeløyve når utsleppsløyvet er gitt.

Det må søkjast om igangsetjing av heile tiltaket når vilkåra i rammeløyvet er oppfylt. Oppdatert gjennomføringsplan og erklæringar om ansvar for dei arbeidsområda som ikkje allereie er ansvarsbelagt, må leggjast ved søknaden.

Søknad om endring av rammesøknad og igangsetjingsløyve for heile tiltaket kan sendast inn samstundes. Vi gjer merksam på at rammeløyvet berre gjeld i 3 år og at det må søkjast om endring av dette og igangsetjingsløyve for tiltaket innanfor fristen på 3 år.

Tiltaket må avsluttast med ferdigattest. Søknad vert å senda inn når det er gitt igangsetjingsløyve. Det kan sendast inn ein søknad om ferdigattest for heile tiltaket samla, eller ein søknad for kvar løyve som er gitt. Tilbakeføring av mellombels anleggsveg skal dokumenterast slik det er sett krav om i byggeløyvet.

Vedlagt følgjer løyva som er gitt i saka, gjennomføringsplanar og erklæringar om ansvar.

Dersom det ikkje er mogleg å innhenta erklæringar om ansvar for alle arbeidsområde kan tiltakshavar søkja om ansvar som sjølvbyggjar og gjera greie for at arbeidet vert utført ved innleigd arbeidskraft. Det vert ikkje gitt ansvarsrett som sjølvbyggjar for etablering av avløpsanlegg. Her må det liggja føre erklæring frå eit ansvarleg føretak både for prosjektering og utføring.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Marianne Aadland Sandvik
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Vedlegg:

Erklæringer_ansvar - gbnr 132-23

Gjennomføringsplan og ansvarsrettar - gbnr 132-23

Løyve til oppføring av ny fritidsbustad - gbnr 13223 Soltveit søndre

Løyve til riving av nedbrent fritidsbustad - gbnr 13223 Soltveit søndre (L)(327187)

Løyve til etablering av midlertidig tilkomstveg - gbnr 13223 Soltveit søndre (L)(323962)

Kopi til:

K2 Taksering AS	Heiane 2B	5131	NYBORG
Per Ovald Thomassen	Eliasmarken 13	5164	LAKSEVÅG
Per Ovald Thomassen	Eliasmarken 13	5164	LAKSEVÅG

Mottakarar:

K2 Taksering AS	Heiane 2B	5131	NYBORG
-----------------	-----------	------	--------